

Nytt fra



Nr 1/2012

6. årgang

Informasjonsblad for medlemmene i Smøla historielag og andre lokalhistoriske interesserte.

Vi prøver også å lage ei e-postadresseliste som kan bli nytta til å gi rask informasjon til våre medlemmer om aktuelle saker. Så legg gjerne med e-postadresse når du tek kontakt.

Innkalling til Årsmøte i Smøla historielag

Lørdag 21. april 2012 kl 16.00

i Annies gjestekro, Dyrnes

Saksliste:

Konstituering: Møteleder
Føring av møtebok
Underskriving av protokoll

Årsmelding 2011

Regnskap 2011

Arbeidsplan 2012

Budsjett 2012

Kontingent 2013

Valg: 2 styremedlemmer

3 varamedlemmer

revisor med vara

1 medlem til valgnemnd

Lovendring

- Vedtekter for Lokalhistorisk arkiv for Smøla

- Endring av vedtektene for Smøla historielag

Etter årsmøtet: Kåseri ved forfatter Svein Sæter, Blomsterhaug forlag.

Vedlegg til årsmøtesakene er lagt ut på heimesida til Smøla historielag.

Slåttar, salmer, stev og stubbar fra Smøla

er no ferdig for salg. Det blei ei flott bok på 88 sider. Åslaug Rise Holberg har flotte akvarellar som markerer overgangen mellom kvart kapittel, og Terje Sundet har stått for tekst- og notesamlinga. Dette er ei bok alle vil ha glede av å eige. Om du ikkje kan gjera deg nytte av notesamlinga, er den likevel ei fin bok å lese og bla i.

Vi har fått støtte til dette prosjektet fra Sparebank1 Midtnorge, Smøla kommune v/Salmarfondet, Rådet for folkemusikk og folkedans, Nordmøre historielag v /Jan H Leithes minnefond, Legeregnskap A/S, Smølavinduet A/S, Tidens Krav, Gjensidige Nordmøre og Romsdal, Moe Maskin og Transport og Hopen Brygges venner. Det er desse som har gjort dette prosjektet mulig, og dei fortener stor takk for støtten.

Når vi vinn oss til, vil den bli utlagt for salg. Førebels kan den bestillast hos leder/historielaget. Den vil da koste 315 kr tilsendt. Laurdag 12. mai kl 16 blir det presentasjonskonsert i Hopen brygge med Terje Sundet og fleire.

Kulturminnedagane (European Heritage Days)

er i år 4. – 9. september og temaet er **møteplassar** og blir markert over heile Europa.

Her kan det vera rom for at dei enkelte velforeningane i kommunen legg opp til aktiviteter. Men det vil vera viktig at det blir ei samordning av arrangementa.

Råkholmane



Styret foreslår at vi i år legg værbesøk til Ytre og Indre Råkholmen første laurdag i juli. Her har det til tider vore stor aktivitet, som i dag er lite kjent. Båtskyss fra Råket.

Museumsnytt

Sommarutstillinga til Smøla museum på Rosvoll prestegard til sommaren har hermetikk som tema.

Dei mange hermetikkfabrikkane var ein vesentleg del i næringshistoria vår. Det var spesielt krabbe og fiskehermetikk, men óg kjøt og grønsaker var med i produktspekteret. Det starta tidleg på 1900-talet og heldt fram til ut i 1970-åra. Det blir sikkert ei spennande utstilling som vil vise mangfaldet i næringsaktiviteten både her på Smøla og hos naboane våre på Tustna og Aure. Utstillinga vil opne 1. juli og vare til 5. august.

Sanden vil vera open med omvisning 24. juni – 5. august frå kl. 12 til kl. 17.

Rangnes skule er open kvar lørdag i juli frå kl. 13 til kl. 16.

Norsk myrmuseum er ope fra 28. juni – 5. august frå kl. 12.00 til kl. 17.00

Norsk myrmuseum vi ha ei geologisk utstilling i år.

Musea har ikkje ope på måndagar.

Smøla i kunsten

I eit tidlegare medlemsblad presenterte vi bilde etter Amaldus Nielsen og Oscar Kleinh. Denne gongen presenterer vi romsdalsmålaren **Gunnar Haukebø** (1909-1993). Han har fleire målarstykke med smølamotiv.

Dotter hans var den første fru Guri av Edøy og hadde rollen i 1990 og 1991.



Veiholmen



Vest for Smøla

I Gurisentret, Edøya er det ei lita utstilling av smølakunstnaren **Daniel Hagerup**.



I Trondheim ligg denne 2 tonn store skulpturen av Daniel Hagerup og ventar på plass ved Gurisentret.

Den har som tema drapet på Einar Tambarskjelve og sonen Eindride.

Kulisteinen



er oppført på UNESCOs Memory of the World-program, som er et internasjonalt register over verdifulle dokumenter og som har eksistert i mange år. «Norges dokumentarv» er første versjon av registeret her til lands, med dokumenter som har stor betydning for norsk historie og kulturarv. Det blir stadig forska på innskifta på steinen. Den er stadig aktuell i forskningsmiljø. Så det er vel rett at originalsteinen er plassert der den står; i eit aktivt forskningsmiljø.

Stemmerettsjubileum 1913-2013

Neste år er det 100 år sia kvinner fekk allmenn stemmerett her i landet. 11. juni 1913 vedtok Stortinget å innføre stemmerett for kvinner på lik linje med menn. For menn blei det allmenn stemmerett 15 år tidlegare. Kva veit vi om kvinner og stemmerett her på Smøla? Nyttå dei stemmeretten? Dei første kvinnene i kommunestyra på Smøla - kven var dei?

Ferjer

Vi tar også med nyferja Edøyfjord og den første ferja, Valldal som gjekk i trafikk til Smøla:

Edøyfjord er bygd for 50 bilar. Valldal hadde berre 12 bilplassar, men passasjeretalet var 300. Den nye ferja har berre 145 passasjerplassar.

Det blir ein spennade sommar med ny, god ferje. Så får vi som bur på øya, legge opp til at dei som besøker oss, vil finne seg til rette og ha ønske om å koma tilbake.



Edøyfjord



Valldal

Adresser:

Heimesida vår finn du på www.smola.historielag.org og her kan du kontakte oss: post@smola.historielag.org

Ved tipping er vi glade for grasrotandelen, og her er organisasjonsnummeret: 993 883 581.

Tillitsvalde i Smøla historielag:

Leder: Karle Gjernes

- 71541179/95826251
- leder@smola.historielag.org

Sekretær: Peggy Kruse

71 54 31 33/482 42 788

epost: peg-krus@online.no

Nestleder: Kjell Gundersen
95286704

epost: kgunna-g@online.no

Lars Rosvoll
71540309/92622283

epost: lars@rosvoll.no

Judy Rangnes
71541138/95701908

epost: judyrangnes63@hotmail.com

Varamedlemmer:

Lars Roksvåg
71541718/91758388

epost: lars-arnfinn.roksvaag@neasonline.no

Bjørg Karin Severinsen
71 54 11 88/952 74 695

epost: bjorgse@hotmail.com

Kjell Petter Walseth
71 54 33 85/918 67 718
epost: kjell.walseth@c2i.net

Kasserar: Jonna Tang Kuløy
71 54 32 29/95 14 44 38
epost: kasserer@smola.historielag.org

Revisor: Svein Ivar Iversen
Vararevisor: Svein Rangnes

Redaksjon Smølaminne 2011:

Lars Roksvåg 71 54 17 18/917 58 388
epost: lars-arnfinn.roksvaag@neasonline.no

Reidun Åstasund 71 54 12 90/907 95 407
epost: reidun40@hotmail.com

Bjørg Træthaug 71 54 02 31/918 39 730
epost: bjor.trathaug@neasonline.no

Korrekturlesar: Svein Rangnes
Trykk : Holm Grafisk